

07.09.2009

Nokre få fleire gjestebåtar enn i fjar



Rolf Myklebust er godt fornøgd med båtsesongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ved utgangen av sesongen viser statistikken over gjestebåtar i Uskedal Båtlags hamn nokre få fleire enn i fjar. Slutt-talet var 1.133, medan det var 1.109 i fjar..- Dette må vi vera godt fornøgde med, seier båtlagleiar Rolf Myklebust til uskedalen.no når han presenterer desse tala.

Innrykket av gjestebåtar var større enn i fjar både før og etter juli.. Med større besøk i juli, som var prega av dårlig ver i siste delen av månaden, hadde resultatet vore enda betre. I fjar var det 700 båtar innom berre i juli medan julitalet i år var 516.

- No mot slutten av sesongen hadde eg kontakt med fleire som ikke hadde vore i Uskedalen før, men som var svært imponerte over det vi har å by på, seier Myklebust.

Han er også fornøgd på bakgrunn av konkurransen frå den nye hamna i Rosendal, som har hatt 1514 gjestedøger - heilt utan marknadsføring.

- Kva er din kommentar til spørjeundersøkjinga, spør uskedalen.no Rolf Myklebust.

- Eg er i Nordsjøen for tida og har ikke hatt høve til å gå nærmare inn i materialet, men eg har merka meg enkel punkt. Eit av dei er internettdekninga. Vi har for vår del god dekning, men det må gå an å få til eit samarbeid slik at også dei andre får det.

Når det gjeld leikeapparat er dei dyre og det kan vera ei god løysing at vi tek kontakt med skulen og spør om vi kan skilta dit. Apparata ved oppvekstsenteret står jo nærmast unytta i sommarsesongen, påpeikar Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen